

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Austebrygd grendelag representerer bygdene som kretsar til Austebrygd skule og barnehage, frå Fosenstraumen i nord til Nesbø og grensa mot Kjeseth i sør.

Industri

Austebrygd er området på Radøy som ligg nærmest industriområdet Mongstad, berre 25 minuttar unna. Infrastrukturen her er godt utbygd med breiddband, kommunalt vatn, kloakk, skule og barnehage. To år frå no er ny veg frå Soltveit til Marås ferdigstilt og vil gje tilgang til mykje unytta areal. Noko av dette vil me løfta fram som potensielt industriareal. Både nærleik til Mongstad og rimelegare industritormtar enn dei som ligg meir sentralt, kan gjera området attraktivt. Dette arealet er ikkje jordbruksareal, og vil ikkje koma i konflikt med matproduksjon.

Bustad

Grendelaget er oppteken av å ta vare på og utvikla området vårt, og den viktigaste ressursen er folk. Fleire grunneigarar vil spela inn planar for bygging av bustadar på sin grunn til arealplanarbeidet, og me ser desse som nødvendige for å auka folketalet her. Det er sjeldan hus til sals her, men hus vert raskt seld til gode prisar. Dette seier noko om behovet og ønskje frå folk om å busetja seg her.

Spreidd bustadbygging med effektive føresegner

Grendelaget foreslår at det i planperioden vert regulert LNF spreidd bustebygging for 15 bustadar totalt i området. Føresegnene til LNF-spreidd bustadbygging bør vera så detaljerte og konkrete at ein unngår dispensasjonssaker når bygging skal skje. Føresegnene bør spesifisera prosessen og kva ein skal ta omsyn til, slik at utbyggar lett kan forma sine planer korrekt etter desse.

I tillegg foreslår me at mindre bygg som garasje, tilbygg og bod kan byggast utan at ein treng dispensasjon for tiltaket.

Påbygg til barnehagen

Barnehagen bør få eit påbygg slik at ein har plass til borna i bygda. Barnehagen og skulen er viktige for bygda, og me er uroa når elevtalet går ned på bakgrunn av at born må ut av bygda for å få barnehageplass. Me ser at foreldre då vel å la dei gå på skule saman med sine vene frå barnehagen og ikkje på nærskulen. Skulen er jamleg og godt vedlikehalden, med forholdsvis nytt tak og ventilasjonssystem.

Tilkomst og ivaretaking av friluftsområde

I bygdene er det fleire friluftsområde som me ønskjer vert tekne vare på. Tilstrekkeleg tilkomst og parkering er naudsynt i tilknyting til ferdelsområde og friluftsområde.

Fortetting i strandsona

Tilkomst til sjø er ein viktig verdi i området. Grendelaget vil be om at areal i strandsona som alt er nytta, verta godkjent til fortetta bruk, t.d. til båtplassar.

Enklare omregulering av bygg

Til sist vil grendelaget spela inn at det bør bli lettare å få omregulert bygg til annan bruk. Det kan t.d. vera driftsbygningar der jorda er skild ifrå og seld til naboor.

Beste helsing Austebrygd grendelag, org.nr. 922 278 423